

Virksomhetsplan for Bokn Barnehage frå 2014 til 2018



Visjon: *"Kjekt i barnehagen, der lærer me heile dagen".*

Hovudmål: *"Trivsel og godt sjølvbilde gjennom autoritative vaksne".*

Om barnehagens samfunnsmandat står det bl. a.: "Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og som er forankret i menneskerettighetene".

Sitat tatt frå s. 7 i rammeplanen.



Bokn kommune eig og driv barnehagen

Bokn Barnehage blei opna i 1978. Me har i dag 84 plassar, og kan ta imot barn i alderen 6 mnd. til 6 år. Barnehagen blir driven etter "Lov om barnehager frå 17. juni 2005" og "Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver." Bokn barnehage har sine egne vedtekter som ligg ute på nettet, og her finn de også årsplanen og årshjulet vårt: www.bokn.kommune.no

I samarbeidsutvalet sit:

2 representantar for foreldra, 2 representantar for personalet og 2 representantar frå kommunen. Styrar har møte-, uttale og forslagsrett.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal være med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehage og lokalsamfunn. I tillegg utgjer alle foreldra eit arbeidsutval- foreldreutval som skal organisere diverse festar som for eksempel sumaravsluttinga for barna. Foreldra har også ansvaret for å organisera 17. mai toget for barnehageborna.

Barnehagens foreldreråd består av alle foreldra. Det er foreldrerepresentantane i SU som er ansvarlig for at det blir kalla inn til foreldreråd ein gong i året.

Kvifor ha ein verksamhetsplan

Målet med denne planen er å informere om rammene me jobbar etter, og kva pedagogisk plattform me skal ha over ein periode. Planen informerer foreldre, kommunen og andre samarbeidspartnarar om kva mål me har sett oss og kvifor me vil jobbe etter desse måla. Den skal sikre barna progresjon og samanheng i kvardagen i barnehagen gjennom opphaldet deira her. Planen skal også fungere som ansiktet vårt ut til samfunnet, og vere eit marknadsføringsdokument for personalet. Årsplanen vil ta for seg det spesifikke som gjeld for barnehagen frå år til år.

Personalgruppa sitt verdisyn:

Me vil bygge verdiforankringa vår på fellesverdier i samfunnet som:

Respekt/likeverd: - å akseptere kvarandre, ha positive haldningar, sjå utover seg sjølv og stille spørsmål som: " kva meiner du" for å unngå misforståingar.

Audmjukskap: - ha respekt for at andre kan ha erfaringar som er verdifulle og kunne innsjå at dei har betre løysingar enn ein sjølv. Lytte og ta inn det andre seier og dermed kome fram til løysingar begge partar kan godta.

Ærligskap: - når ein har samsvar mellom ord og handling.

Ansvar: - ansvar for egne haldningar og vere villig til å få teste desse ut gjennom feedback frå kollegaer. Ansvar for å vere oppriktig engasjert.

Målet med verdiane er: - at dei skal prege kvardagen på ein slik måte at barna tileignar seg dei. Gjennom heile dagen i barnehagen er dei vaksne rollemodellar for barna og me ønskjer å skape eit miljø som er prega av desse verdiane i både ord og handling. Dette byggjer på ei haldning om likeverd og ein **anerkjennande relasjon mellom barn og vaksne.** (Autoritative perspektivet)

Me innføre ny pedagogisk plattform i Bokn barnehage: Programmet



Mål: - "Økt kompetanse hos hele personalet i barnehagen med særlig vekt på den tydelige og varme voksne, relasjonsbygging og tilslutning til felles verdier". Sitat tatt fra implementeringsplan/prosjektplan for "være sammen".

Delmål:

- Å utvikle kompetanse til å bli autoritative voksne
- Å utvikle kompetanse til å bli ein autoritativ barnehage

Dei 5 kjerneelementa i "Være sammen":

- Autoritative voksne*
- Kommunikasjon og perspektivtaking*
- Tidlig innsats*
- Håndtering av utfordrende adferd*
- Organisasjonsutvikling, innovasjon og implementering*

I løpet av 2014 til 2018 innførast ny pedagogisk plattform. Me skal lære Handal og Lauvaas sin kollegabaserte rettleiingsmetode kor den som har en problemstilling i forhold til et barn, sjølv skal finne frem til løysingar/svar gjennom at kollegaene stiller spørsmål. Da hjelper me kvarandre å handtere utfordrande åtferd, før de blir så omfattande at vi må ha hjelp frå PPT (tidlig innsats). Me begynner implementeringa av metoden i Bokn barnehage i løpet av våren 2014. Det krev tid og trening for at metoden skal bli en del av metodikken.

Mål 1 for kollegabasert rettleiing: Alle i personalgruppa skal kunne kollegabasert rettleiing innan 01.01.2015


Mål 2 for kollegabasert rettleiing: Me skal kunne bruke metoden systematisk på avdelingsmøta og på personalmøta innan 01.01. 2016 i forhold til dei 2 kjerneelementa:

- *håndtering av utfordrende adferd*, og
- *tidlig innsats* -

Me går no inn i endringsprosessar i Bokn barnehage. Styrar og ped. - leiarar skal saman leie dette arbeidet. Oppgåva blir å kontrollere at me har ei felles forståing av metodane, og at alle har følelse av personlig meistring når me implementerar ny pedagogikk. Det er det Leithwood (Canadisk organisasjonsforskar - 2004) kallar transformasjonsleiing. (Endringsleiing). Personalet må gjerast ansvarleg i forhold til å bryte ned gamle mentale modellar, og å ha forståing for å væra i endring. Det går også på å verte evaluert, og å evaluera andre. Å få til ei kollektiv endring, tek tid. (Organisasjonsforskaren Bandura kallar dette: Collective Efficacy.) Me har økt fokus på kommunikasjon, og bygger kvalitet gjennom ny kunnskap. Me lærer å møte barn som er aggressive, barn som er stille, og barn som trenger klare grenser gjennom nyare kommunikasjonsteori. Me skal bli varmt grensesettande - det som kallas autoritative voksne. Forsking viser at har ein en nær og god relasjon til barnet, aksepteras grenser lettare. Det forutset at ein heile tida forklarar barnet kvifor grenser settes. (Sjå Baumrind sin modell s. 5.)

Me presenterar her Mead sin kommunikasjonsteori:

Kommunikasjon er ein måte å sende budskap til kvarandre på. Ein kan bruke både mimikk, tonefall, og kroppsspråk i tillegg til ord. Måten me kommuniserar med barn på, er av stor betydning for utvikling av sjølvbilde. For å få fram tydinga av kommunikasjon mellom menneske viser me her Mead si kommunikasjonssløyfe/speilingsteori. (Mead 1934)



Forklaring av modellen:

"Person A sender her et utspill til person B. Et utspill kan være verbalt/språklig, det kan også inkludere kroppsspråk og/eller ved å vise følelser. Person B tolker dette utspillet og sender en respons tilbake til person A. Person A vil da tolke responsen fra person B, noe som gir person B muligheter til å reflektere over både responsen og eget utspill. Det som skjer mellom person A og person B kan vi kalle en kommunikasjonssløyfe." (sitat fra "Kompetanseløft for bhg" s. 120)

Som ein ser ut i frå kommunikasjonssløyfa er det viktig at dei vaksne har evna til å være tilstede for borna i dei rette stundene. Den vaksne må gi respons på utspill frå borna gjennom positiv mimikk, augekontakt, og positivt kroppsspråk. Ein må sette seg inn i tankeverda til barnet så godt som mogleg, det er det me kallar positiv perspektivtaking. Me skal til ei kvar tid være oppriktig interessert i barnet og deira sitt utsegn, - altså ta barnet på alvor!

Dette har tyding for barnets person og - sjølvbiledanning.

Gode responsar i tidlig alder, utviklar godt sjølvbilde og god sjølvtilitt. Det igjen fører til at barnet kan tenke "Eg kan". Da vert barn modige, og tør prøve nye ting.

Mead bruker i sin kommunikasjonsteori eit begrep: "de signifikante andre". Det er først og fremst foreldra, og barnehage - personalet som er desse omsorgspersonane. Det er viktig at responsen frå desse er positiv, fordi gjennom utspill og respons dannar barnet sjølvbilde.

(Kompetanseløft i bhg s. 122) I Rammeplanen for bhg (2011 s. 40) står det også skrevet om viktigeita av å tolke og gi respons på budskap. Sitat: "Kommunikasjon skjer i et vekselspill mellom å ta imot og tolke et budskap og å selv være avsender av et budskap".

Kommunikasjonssløyfa kan også vidareførast til vaksne i personalgruppa. Me vaksne må ha ein god og open kommunikasjon, og felles forståing av kjerneelementa i kommunikasjon for å nå måla i arbeidet med barna. I forhold til relasjonsbygging seier Pianta (Amerikansk Åtferdsforskar) at det er viktig med god stemning på avdelinga i bhg. Ein må være sensitiv og tilstede samtidig som ein vise empati for kollegaene. Barna "speiler" seg i de vaksne". Me skal gjere bruk av godt humør, og støtte kvarandre på i heile barnehagen. Det skapar motivasjon.


Me skal og bygge på felles haldningar og sjekke ut at me har felles forståing for dei begrepa me bruker i arbeidet vårt. Planane skal være tydelige slik at ein veit kven som gjer kva, og når det skal gjerast. Organisasjonsforskarer Michael Fullan seier dette er å skape klarleik. (tatt frå førelesninga med Pål Roland den 27.03,2014) Fullan seier at me skapar klarleik i kompleksitet, slik at ein drar i same retning mot målet. Det blir tydlegare for barna når dei vaksne har felles forståing for korleis me har det i barnehagekvardagen. Eigarforhold skapar forplikting i arbeidet vårt, og dette gjer igjen større lojalitet til arbeidet. (Tatt frå førelesninga med Pål Roland 27/3-2014)

Mål for kommunikasjonsteori: Innan utgangen av 2016 skal alle i personalet kunne teorien til Mead om kommunikasjon og speiling, og den skal være implementert i heile personalgruppa og skal brukast i forhold til kjerneelementa:

- *kommunikasjon og perspektivtaking*
- *organisasjonsutvikling, innovasjon og implementering.*

Me presenterar her Baumrind`s 4 vaksenstilar.

(D. Baumrind 1991)



Ettergjevande vaksne: Det som pregar denne vaksenstilen er at det er lite kontroll blant leiinga. Dei vaksne setter lite grenser overfor barna, og er utydelige i sin måte å være på.. Forskjellige grenser skapar uro og utryggleik hjå barna.

Forsømmande vaksne: Det er liten grad av relasjonsbygging og kontroll blant dei vaksne. Det er lite omsorg/nærleik mellom vaksne/barn. Dette kan føre til aggressivitet, engsting og ukonsentrert åtferd hjå barna.

Autoritære vaksne: Dei vaksne setter harde grenser utan å forklare til barna, og dei tek lite omsyn til barns medverknad. Vaksne tek ikkje barns perspektiv, og det er ubalanse mellom kontroll og varme relasjonar. Dette kan føre til aggresjon og motstand hjå barna.

Autoritative vaksne: De vaksne kombinerer varm relasjonsbygging med en tydelig måte og sette grenser på. Dei forklarar, samtidig som dei lyttar til barnet. Borna får medverknad, og føler dei blir tatt på alvor. Dei vaksne er oppriktig interessert og engasjert i det barnet gjer, og lager gode relasjonar. De vaksne bruker tid i gruppeleik med barn, og anerkjenner barnet gjennom ros, som gir tryggleik og forutsigbarheit for dem.

Mål for den autoritative vaksenstilen er:

- alle i personalgruppa skal forstå og å bruka autoritativ vaksenstil i Bokn barnehage våren 2018. Da er me blitt ein autoritativ barnehage. Programmet er institusjonalisert.

Autoritativ vaksenstil tek i vare kjerneelementa:

- *autoritativ vaksenstil*
- *tidlig insats*
-

"Banking time":

Å gi kvalitetstid til det enkelte barnet gjennom det som Pianta kallar "Banking time" (amerikansk åtferdsforskar) er ein viktig faktor for å styrke relasjonar mellom barn og vaksne. Ein gjer barnet positive og gylne augneblikk gjennom dagen, der eit enkelt barn er i fokus hos den vaksne. Barnet skal sjølv bestemme aktivitet, og på denne måten får det medbestemming og føler at det blir tatt på alvor. Det krevje at personalet tar seg tid til den gode samtalen, og er med i den aktiviteten som barnet bestemmer på barnet sine premisser. "Banking time" skal gjennomførast til avtalte tider, og ikkje i samanheng med om barnet ha oppført seg slik dei vaksen ynskjer. Bodskaen blir at me vaksne vise me bryr oss om barnet uansett oppførsel. Ein skal likevel sette krav, men med varme og forståing. **Pianta seier at gode nære, og trygge relasjonar er ei føresetnad for læring og utvikling. (s. 39 i hefte 1 - "Være sammen")**

Ein investerer i relasjonen til barnet gjennom slike positive opplevingar, dermed har ein noko å gå på om uønska åtferd oppstår. (ein har satt noko positivt "i banken", som brukast seinare.) (Kompetanseløft i bhg s. 21) Det krev høg grad av bevisstheit, tålmod og toleranse for å bli autoritative vaksne.

Mål for bruk av "Banking time": Alle i personalet skal kunne forstå, og bruke "banking time" våren 2017. "Banking time" tek i vare kjerneelementa:

- *Kommunikasjon og perspektivtaking*
- *Håndtering av utfordrende adferd*
- *Tidlig insats*
-

Det vil krevje tid og øving for å nå måla over, og me er innstilte på å bruke perioden 2014 til 2018 på å bli ein autoritativ barnehage. I løpet av desse 4 åra skal me også lære om korleis me skal førebygge sosiale vanskar, aggresjon og sinne. Me skal og lære meir om korleis me kan rettleie foreldre gjennom materiale me får i "Være sammen" pakka. Denne pakka består også av bøker og songar som omhandlar korleis me skal være for å få det best mulig saman. Borna skal få kjennskap til Løvelova, og den kloke Regnbogeløva skal lære dei å hanskas med vankelege følelsar. Dei vaksne skal lære borna større sosial kompetanse ved å bruke Regnbogeløva og bøkene i pakken. Materiellet er utarbeida av Eivind Skeie.

Mål: - **Regnbogeløva skal flytte in i Bokn barnehage hausten 2014.**

I tillegg til den nye pedagogiske plattformen skal me halde på kulturen i Bokn når det gjeld turgåing: - nærheit til naturen gjennom aktivitetar i, læring om, meistring i, glede gjennom opplevingar og observasjon. Nærmiljøet er prega av naturen gjennom fiske og jordbruk. Med haldningar som går på at det er flott å være ute i naturen uansett ver ...skal me ha lange turar, korte turar, spontane turar. Uteliv er også eit nasjonalt satsingsområde, og me skal kunne identifisere oss med aktivitetane i nærmiljøet gjennom: turar i skog og mark, til gardar med husdyrhald og fisketurar i båt. Me skal bevisstgjere barna i forhold til ver, kva som påverkar dyr og menneske i naturen, og korleis me skal bruke naturen for å ta vare på han. **Forskning viser også at ved å bruke kroppen gjennom å gå, springe, balansere, hoppe osv, utviklast hjernen betre og raskare (dei kognitive evnene).**

Evaluering

Verksemda skal kontinuerleg evaluerast og barna sin trivsel vurderast. Dette gjer me gjennom avdelingsmøta ein gong i veka, og ped. - leiarmøta der planane frå sist veke blir evaluert og diskutert. Samspelet mellom barna, mellom personalet, og samspelet mellom barn og personalet blir vurdert og evaluert kvar veke på dei same møta. Organisasjonsforskarer Michael Fullan seier me må halde oppe bevisstheita i utviklinga til dei vaksne gjennom "clarity" - klarleik. (tatt frå førellesning med Pål Roland den 27.03,2014) Fullan seier at me skapar klarleik i kompleksitet. Med dette meiner at ein må velje vegen ein vil gå saman med resten av teamet, slik at alle drar i same retning mot målet. Det blir tydlegare for barna når dei vaksne har felles forståing for korleis me har det i barnehagekvardagen. Eigarforhold skapar forpliking til arbeidet vårt, og dette gir igjen ein større lojalitet til felles mål.

Barnehagen sine samarbeidspartnarar er:

- Helsestasjonen
- PPT i Karmøy
- Barnevernet i Karmøy
- BUP i Haugesund
- Tverrfaglig gruppe
- Haugaland HMS
- Skulen
- Biblioteket
- Dagsenteret på Boknatun



Kvalitet

Me vil sjå nærare på kva me meiner er kvalitet i barnehagen. Dette er også mykje omtalt i lovar og rammer for barnehagen. Alle skal bli høyrde og kunne ha påverknad på det som skjer ut i frå ein demokratisk modell. (Fleirtalet avgjerd) Plandagar og personalmøte skal hjelpe oss i dette arbeidet. Å planlegge saman er også en tryggleiksfaktor. Eksempel er årshjulet vårt! I tillegg vil styrar ha medarbeidarsamtalar 1 gong i året, for å sikre ein god kommunikasjon og gjere eventuelle forbetringar for den enkelte. Det vil bli lagt vekt på å få fram sterke sider, og oppmuntre personalet til å bruke desse i arbeidet. Verneombodet skal også kunne ivareta det psykososiale miljøet vårt.

Barns medverknad:

På s. 22 i barnehagelovens §3, står det om barns rett til medverknad:

Sitat: "Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet".
Sitat slutt.

Barns rett til medverknad er også nedfelt i FNs barnekonvensjon artikkel 12. nr. 1.

I Bokn barnehage gjer vi barna anledning til medverknad og påverknad på eigen situasjon ut frå alder og modning. Dei skal og ha påverknad på barnehagens indre liv. Det er den vaksne som har ansvaret, men gjennom god kommunikasjon og daglege samtalar skal barna ha innflytelse på kvardagslege val som f. eks. kva det skal ete, og kva det skal gjøre/leke med i løpet av dagen osv. Gjennom varm relasjonsbygging og det å anerkjenne kvart enkelt barns behov, får dei vere med å bestemme aktivitetar. Dei vaksne tar utgangspunkt i barnas interesser når planar leggst, og prosjekter skal gjennomførast. Ein skal også jamleg snakke med barna om reglar vi har, og kvifor de må vere en del av kvardagen vår. Barn skal også medverke, bidra og hjelpe gjennom aktivitetar som oppdekking før måltid, gi beskjedar til dei vaksne, koste og holde orden på avdelinga. I Bokn barnehage har vi barneintervju 2 gonger i året av de største barna for å kartlegge deira syn på innhaldet i barnehagedagen.

Alle barna er med jamne mellomrom med på barnemøter kor det blir gjennomført samtaler som går på trivsel og kva dei meiner er kjekkast å holde på med i barnehagen.

Eks: Er det å vere ute. lese bøker, gå på tur osv.

Dette er kva me meiner med kvalitet:

- roleg start på dagen, bli møtt på en fin måte
- sjå det enkelte barn sine behov
- ha omsorg og lytte
- godt samarbeid med heimen
- ha augekontakt med barnet når du snakkar
- den vaksne må vise begeistring for det barnet er opptatt av
- at kvart barn får seg minst ein god venn
- dei vaksne må vere bevisste rollemodellar
- ha aksept for ulikskap

Foreldresamarbeid

Foreldra og barnehagepersonalet er dei viktigaste vaksne i barna sine liv . Det er derfor viktig at me lyttar til dei og har ein open dialog med dei. Når me no innføre ny pedagogisk plattform er målet at me skal ha 2 foreldresamtaler i løpet av barnehageåret. Me vil også ha ein oppstartsamtale etter at barnet har begynt hos oss for å følgje opp barn og foreldre sine behov. Me deler også ut eit hefte: "Boka om meg" der foreldra kan skrive inn litt om kva barnet likar/ikkje likar og litt om slektningar og venner. Her er det også plass til bilde.

Me brukar kartleggingsmateriellet "alle med", og dei vert brukt som ei rettleiing når me har foreldresamtalar. Foreldra må gje samtykke før me kan bruke dei.

Å kjøpe dagar, har me ikkje anledning til i feriar, fordi personalet er pålagde å avspasere då.

Barn og sjukdom

Ein hovudregel som er god å følgje om ein er i tvil om barnet bør sendast i barnehagen er: "Er eg i tvil, så er eg ikkje i tvil" - då bør barnet vere heime.

I utgangspunktet er det alltid barnet sin **allmenntilstand** som avgjer om barnet bør vere i barnehagen eller ikkje. I tillegg kjem vurdering av om barnet bør vere heime fordi det utgjør ein **smitterisiko**. Barnehagen tar kontakt med foreldra om barnet verkar sjukt, uopplagt eller har feber slik at personalet og foreldra saman kan vurdere om barnet bør hentast.

Medisinering av barn er ikkje barnehagen sitt ansvar, og må gjerast av foreldra sjølv, eller etter avtale med helsepersonell som kan kome i barnehagen.

Fødselsdagsfeiring

Me gjer stas på barnet ved å henge opp flagg og bursdagshelsing ved døra. Så har me samling kor barnet sit ved sida av den vaksne, og får krone og prins /prinsesseklede på. Det blir sunge og sendt opp "fyrverkeri". Bursdagsbarnet får sjølv velje leike frå bursdagsskapet, I tillegg blir bordet pynta til fest. Barnet får med seg eit bilde frå festen heim. Pappkrone blir laga saman med barnet før feiringa. Bursdagsbarnet får velje lunsj ut frå ein bursdagsmeny på avdelingane for dei store barna.

Måltida

Me ønskjer å ha ei bevisst haldning til ernæring, og lærer barna sunne matvanar. Me vil snakke med dei om kva som er bra for kroppen, og kvifor me skal ete variert kost. Me har 2 brødmåltid om dagen, frukost og lunsj, og eit fruktmåltid om ettermiddagen. Sjå årsplanen under rytme for dagen .

Overgang barnehage/skule

Rammeplanen seier: *"Barnehagen skal i samarbeid med skolen legge til rette for barns overgang fra barnehage til første klasse og eventuell SFO. Dette skal skje i nært samarbeid med barnets hjem".* Sitat tatt frå s. 53 i Rammeplanen.

Me viser her til **"Samarbeidsplan mellom skolen og barnehagen"** som ligg ved dette dokumentet.

Mål: - Å forberede borna på skulekvardagen.

Me har førskulegruppe ein gong i veka det siste året før skulestart. Her set me fokus på å lytte til kvarandre, snakke ein og ein, vente på tur, meistre å sitte stille. Det blir trena på å få med seg informasjon som blir gitt i gruppe i tillegg til skulerelaterte oppgåver.

Barn med spesielle behov

Barn med spesielle behov skal sikrast eit tilpassa barnehagetilbod i samsvar med sakkyndig tilråding frå PPT. Opplegget skal pregast av gode og positive opplevingar, og fokusere på moglegheiter og barnet sine ressursar. Meistringsfølelsen skal stå i fokus med hjelp av dei ekstra ressursar som blir tilrådd barnet.

Tospråkelege barn/barn frå andre kulturar

Barnehagen sitt mål er å legge grunnlaget for ein aktiv tospråkligheit hos minoritetsbarna. Språket viser identitet og gruppetilhøyring, og er eit verktøy for tankane. Dette er ei ansvarsfull oppgåve i eit stadig meir fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal søke å imøtekomme forståing for andre kulturar gjennom å sette seg inn i og vidareformidle dei tospråkelege sin kultur. Dette kan gjerast gjennom bruk av bøker og songar, og me kan lære oss flagga frå dei forskjellige landa. Dette gjev dei tospråkelege barna identitetstilknytning til kulturbakgrunn og eige morsmål.

Mål: å bruka morsmålsassistentar, som kjenner kulturen til desse barna. Dette gjev støtte til dei i integreringsprosessane, og morsmålsassistenten kan også hjelpe barnehagen i kontakten med foreldra.

Internkontroll/HMS i Bokn barnehage.

Barnehagen har oppretta egne rutinar for å tilfredstilla dei krava som blir stilte til helse, miljø og sikkerheit i verksemda. Me har nedskrivne prosedyrar og retningslinjer for det som kan hende av avvik. Me har ein eigen HMS-perm som alle tilsette skal lese i gjennom minst ein gong i året. Avvik og ulykker blir registrert på eige skjema, og tiltak blir sett i verk. Barnehagen sin styrar og verneombod skal gå egne vernerundar 2 gonger i året kor ute og miljøet inne blir sjekka for farar for barn og vaksne. Brannøvingar med logg blir gjennomført 3 gonger kvart halve år. Haugaland HMS hjelper oss i HMS-arbeidet. Teknisk etat sjekkar uteleikeklassen ein gong i året, og kvar haust går alle i personalet gjennom førstehjelpskurs.

Førstehjelpsutstyr, telefonister og mobilar skal tas med på alle turar. Barnehagen har egne turreglar. Beredskapsplanen skal lesast igjennom av alle i personalet 2 gonger i året. Alle barn og vaksne er forsikra i barnehagen si opningstid. Alle vaksne i barnehagen gjennomfører førstehjelpskurs kvar haust. Me prøver å ha 2 stk i personalet som har livredningskurs til ei kvar tid, slik at me kan ta med barna i båt. Dette for å støtte opp om den lokale kulturen.



"Være sammen" - kurset er i regi av Haugalandsløftet. Det visast her til overordna plan for Bokn kommune når det gjeld "løftet". Der har barnehagen eit eige kapittel som viser korleis med skal nå dei 4 hovudmåla til Haugalandsløftet i Bokn barnehage.



PROGRESJONSPLAN FOR «VÆRE SAMMEN» PROGRAMMET:

Den autoritative vaksenrolla står sentralt i kvardagen. Ha fokus på varme og grensesettande vaksne. Vi skal jobba med å vera tydelige vaksne som stiller krav til barna og gjer dei ansvar. Vi må byggja gode relasjonar gjennom kvalitetstid med enkeltbarn og i små grupper. Barna skal lærast å reflektera over eigne handlingar og væremåtar. Kvart år skal dei nye barna bli kjende med løva i tilvenningstida - uansett alder. Foreldra får også eit skriv om programmet «være saman» og korleis med jobbar med det.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Bli kjende med løva, og fortelje kvifor vi har ho på avdelinga. Få kjennskap til ho frå dag ein.</p> <p>Høyre på Løvelova, og syngja den ofte.</p> <p>Fortelja om innhaldet i temabøkene i samling, minst ein gong i veka.</p> <p>Gje positiv tilbakemelding når nokon gjer noko positivt for andre</p>	<p>Bli kjende med Løva ved at ho vert vist fram kvar dag i tilvenning. Ein forklarar hennar funksjon på avdelinga.</p> <p>Høyre på Løvelova og syngja den ofte.</p> <p>Sjå på temabøkene og forklare innhaldet i samling.</p> <p>Gje positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra for andre.</p> <p>Bruke Regnbogeløve i daglege situasjonar - les konflikhtar.</p>	<p>Bruke boka: «Regnbueløvas fantastiske brøl» på smartboard.</p> <p>Bruke die tolv temabøkene og Løva spontant under vanskelige og gode situasjonar som oppstår.</p> <p>Bruke rollespill med Løva i konfliktsituasjonar</p> <p>Gje positiv tilbakemelding når nokon gjær noko bra for andre.</p> <p>Være kjend med Regnbueløva, og bruke ho i daglege situasjonar.</p> <p>Alle kal etter kvart kunne løvelova og fortelje kvifor ho er bra.</p>	<p>Repetera: «Regnbueløvens fantastiske brøl» på smartboard.</p> <p>Bruke flippover og temabøkene og Løva når det oppstår situasjonar, konflikhtar som trengs å løysast.</p> <p>Knytte Løva og Løvelova opp mot faktiske hendingar i samling.</p> <p>Gi positive tilbakemeldingar når nokon gjer noko positivt for andre.</p> <p>Barna skal kunne Løvelova og vite kvifor ho er bra.</p> <p>Barna skal kunne Løvelova og vite kvifor ho er bra.</p>	<p>Repetera: «Regnbueløvens fantastiske brøl» på smartboard.</p> <p>Bruke flippover og temabøkene og Løva når det oppstår situasjonar, konflikhtar som trengs å løysast.</p> <p>Knytte Løva og Løvelova opp mot faktiske hendingar i samling.</p> <p>Gi positive tilbakemeldingar når nokon gjer noko positivt for andre.</p> <p>Barna skal kunne Løvelova og vite kvifor ho er bra.</p> <p>Bruke rollespel og «den gode stol», ei øving i å ta imot og gje ros =</p> <p>Positiv perspektivtaking.</p> <p>Dei fine tinga blir notert ned, og gitt til barnet med eit bilete som minne.</p> <p>Få kjennskap til dei andre songane, og gå i dybda på dei ulike temane i løpet av veka.</p>

PROGRESJONSPLAN FOR NATUR, MILJØ OG TEKNIKK.

Alle barn skal få kjennskap til korleis plantar og dyr utviklar seg. Barn bør også læra å utvikle seg sjølve ut i frå dei kunnskapane dei allereie har på det bestemte alderstrinnet. Det å vera undrande og undersøkjande er viktig for å finne ut korleis ting henge saman. Barna skal finne glede i å få ny kunnskap, og vera med på å finna svar på spørsmål ein undrar seg over. Det skal og takast omsyn til kvart enkelt barn sitt utviklingstrinn.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Læra å finne balansen og tyngdepunktet i sin eigen kropp.</p> <p>Se på dyr og planter i naturen.</p> <p>Bruke sansane i naturen saman med dei vaksne.</p> <p>Vera med på korte turari</p> <p>Vogn - og gå koret turar i terreng.</p> <p>Vera ute i all slags vær.</p>	<p>Begynne å gå korte turar utanfor barnehagen i ulikt terreng - som asfalt, grus plen og skog.</p> <p>Pekebøker som kan stimulere kunnskap om naturen.</p> <p>Bruke sansane for å bli kjende med ymse materiale.</p> <p>Dei vaksne viser korleis tekniske ting verkar -til dømes hjula på leikebilar m.v.</p>	<p>Ha kontroll på kroppen, slik et ein lærar å gå i ulendt terreng.</p> <p>Ha eige initiativ til å utforska skapningar og ting som finns i naturen.</p> <p>Bruke forstørningsglas til utforsking.</p> <p>Lage demningar i sandkassa og andre stader for å amle opp vatn.</p> <p>Øve på å sykla på 3 - hjulsykel.(skal kunna)</p> <p>Undre seg over enkle forsøk - rosinteater.</p> <p>Bruke ting frå naturen i formingsaktivitet.</p>	<p>Dei vaksne må snakke om kvifor vi skal ta vare på naturen, og korleis vi gjer det.</p> <p>Lære å klatre i trær når vi er på tur i skogen.</p> <p>Væra med på noko meir avanserte eksperiment.</p> <p>Til dømes rakettoppskyting i sandkasse osv. Sjå eigne bøker om tema.</p> <p>Lære om trafikk og vise respekt for bilvegar.</p> <p>Få kunnskap om IKT og nyare teknikkar i forhold til motoriserte maskiner.</p> <p>Få kjennskap til dei ulike årstider, dagar og år.</p> <p>Bondegårdsbesøk og informasjon om dei maskinane som vert brukte der.</p> <p>Dra på fisketurar.</p>	<p>Undring over ting som skjer i barna sitt nærmiljø, og læra seg å spørje om samanhengar.'</p> <p>Komma med idear sjølve til kva ein kan eksperimentera med.</p> <p>Bruke litt IKT - utstyr som f. eks I-pad, og fotoapparat.</p> <p>Så blomar.</p> <p>Bruke litt kjøt, fisk og grønsaker i matlaging.</p> <p>Baka og fortelja kor kornet veks og korleis med får det til å verta mel....</p> <p>I skogen kan ein fylje med eit tre gjennom dei 4 årstider....</p>

PROGRESJONSPLAN FOR ESTETISKE FAG:

Alt materialet skal vera tilgjengeleg for barna, (forming drama musikk) men de vaksne skal ha kontroll, og regulere bruken. Mange av desse aktivitetane kan også gjerast ute. Det gjer andre og verdifulle opplevingar for barna. Alle skal delta, for å kjenne på skaparglede, og bli kjende med rytmen og gleda i musikken. Dette krevjar godt musikkutstyr og variert formingsmateriell.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Få erfaring med ulike materialar gjennom den taktile sansen.</p> <p>Fingermaling, ull, m.v. og omgrep som varmt og kaldt. Teikning.</p> <p>Bli kjende med forskjellige teikne/male-reiskap som blyantar, penslar og fargestiftar.</p> <p>Song, sangleikar og bevegelse in den forbindelse. La songen ledsage andre aktivitetar</p> <p>Fantasi og undring gjennom enkle eventyr.</p> <p>Få opplevingar som gjer inspirasjon til rolle-leik.</p> <p>Få visuelle intrykk gjennom bøker for de minste barna.</p>	<p>Kjennskap til primærfargene, gul, rød og blå.</p> <p>Teikning, liming, og maling som uttrykksform.</p> <p>Prøve ut forskjellige reiskapar som pensel og svamp.</p> <p>Bli kjent med tredimensjonalt materiale (leire, kitt, sand, plastilina, trolleig osv.)</p> <p>Lære enkle barnesongar med og utan bevegelse.</p> <p>Rytme, bevegelse og instrumenter.</p> <p>Få erfaringar med forskjellige materialar som inspirasjon til dramaleik.</p> <p>Utkledningstøy som inspirasjon til dramaleik</p>	<p>Kjennskap til primærfargenes blandingar.</p> <p>Jobbe med en og - todimensjonale uttrykk.</p> <p>Møte kunst gjennom bilete og bøker.</p> <p>Dans og bruk av rytmeinstrument.</p> <p>Dramatisere kjente eventyr og sangar.</p> <p>Opptre for andre i barnehagen og for foreldre...</p> <p>Glede seg over å kunne kle seg ut og ta roller.</p>	<p>Kunne bruke fargene og lære seg å blande dei.</p> <p>Arbeide og skape leik med tredimensjonalt materiale.</p> <p>Kjennskap til, og kunne bruke forskjellige reiskap som blyant, saks, pensel og kniv.</p> <p>Samtale om det ein ser i eit kunstnarisk uttrykk.</p> <p>Opplive glede over eigen mestring, og glede seg over andre sine uttrykksmåtar.</p> <p>Gå in i ei rolle i leik, og være der over tid..</p>	<p>Jobbe med gode materialar i tilrettelagde rom.</p> <p>Lære seg riktige grep på teikne og skrivereiskap.</p> <p>Velje materialar til eigne produkt.</p> <p>Iakt-ta og beskrive andre sine produkt.</p> <p>Besøke kunstutstillingar.</p> <p>Kunne syngje songar. Si rim og delta i rytmeleik.</p> <p>Kunne bruke og kjenne namna på rytmeinstrumentar.</p> <p>Lære enkle dansar og glede seg over fri utfolding..</p> <p>Kunne gå in og ut av roller og halde konsentrasjonen..</p> <p>Delta i enkle skodespel, og opptre for andre.</p> <p>Prøve ut forskjellige dramateknikkar som:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skyggeteater, dukketeater saman med vaksne og barn.

PROGRESJONSPLAN FOR NÆRMILJØ OG SAMFUNN.

Barnehagen skal bidra til at barn nøter verden utafør familien med tillit og nysgjerrighet. Barn skal medverke i å utforske nærmiljøet sitt.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Gå små turar i nærmiljøet samlar in ulike naturmaterialar - disse vert studert.</p> <p>Vi fortel små korte eventyr og dramatiserer Ved hjelp av flanellograf.</p> <p>Vi snakkar om kven som bor i husa vi ser på tur...</p> <p>Vi går i butikken og snakkar med dei som arbeider der -</p> <p>Vi går tur i vogn og ser på båtane på kaia</p>	<p>Tur i nærmiljøet for å bli kjent med kva som er rundt oss...til dømes skulen og biblioteket. Barna skal bli trygge i nærmiljøet sitt.</p> <p>Studere ulike naturmaterialar og lage prosjekt ut av dei....</p> <p>Bondegardsbesøk, slik at barna lærer om livet på garden, og helse på dyra der. Vi lærer kvar maten kjem ifrå ...</p> <p>Vi har friluftstuke vår og haust - barna lærer om den og å sette pris på den...</p>	<p>Tur til butikken, for å lære kor me får dei ulike varene frå. Kva brukast pengar til?</p> <p>Norske eventyr og forteljararv er ivareteken gjennom eventyrlesing og mykje bruk av rim og regler.</p> <p>Tilrettelagd rolleleik, vi tilbyr begge kjønn like moglegheiter.</p> <p>Bibliotekbesøk, det er viktig å lære barna tidlig å sette pris på litteratur, Både den lokale og den nasjonale.</p>	<p>Vi har faste besøk på dagsenteret - dette knyta saman gamal og ung....og barna får svar på spørsmål kring det å verta gamal.</p> <p>Vi får besøk av pensjonistar/besteforeldre som kan fortelja om nærmiljøet i gamle dagar.</p> <p>Vi gir tilbod om å arbeide i snikkarboda for begge kjønn.</p> <p>Vi har ein sekvens med «fiskesprell» kvart år. Barna lærar om fiskerier/fiskebruk og livet i havet.</p>	<p>Vi besøker arbeidsplassar i nærmiljøet. Gje kjennskap til i dei forskjellige slags arbeidsoppgåver eit samfunn består av. Vi snakkar om dei forskjellige etniske gruppene i Norge. Markerer samane og deira nasjonaldag Vi markerer FN - dagen, og snakkar om barns rettigheter - FNs barnekonvensjon. Vi snakkar om barn i andre land og om ulike kulturar - vi ser på kart, film og henger opp flagg frå dei kulturane som er representerte i barnehagen.</p>

PROGRESJONSPLAN FOR KROPP, HELSE, OG BEVEGELSE.

Vi skal legge vekt på at det å bevege seg, og bruke kroppen på forskjellige måtar er morosamt. Det er flott å koma sliten frå tur å kjenna at ein har brukt musklane og er sveit.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Vi bruker sangleiker. Vi har sansetrening; lukt, smak og berøring. På uteplassen brukar vi dei utfordringane som er i miljøet til motorisk trening: til dømes gå i bakkar, rutsje, reile m.v. Turar i nærområda - ulendt terreng. Leggja vekt på å klare ting sjølv inne: Klatre opp og ned i stol, og på stallebord og ha turnleiker. Handvask før måltid, og sunt kosthold. Kvile/sove og sette ord på kroppsdelane.</p>	<p>Vi dansar til musikk, og lånar gymsalen på skulen av og til... Begynner å gå turar i skog og mark. Varierte aktivitetar inne og ute for å stimulerer motorikken - både grov og fin. Lærer om kroppen, samtidig som vi kjører Programmet «minirøris». (utarbeidet av Friskis og Svettis) Barna skal vera med å laga mat, samtidig som det vert snakka om kvifor ein må ete sundt. Starte med å lære å kle av og på seg sjølv. Fiskesprell på våren.</p>	<p>Gymsal så ofte ein får det til... og bruke «Minirøris» ein gong i uka. Varierte aktivitetar som stimulerer både grov og - finmotorikk. Turar i smågrupper, og turar i større grupper. Tilrettelagde aktivitetar på uteleikeklassen som til dømes sykling, klatring ballspel m.v. Sundt kosthold med grovt brød, makrell i tomat, fruktmåltid. Egne faste prosedyrar for handvask. Lære å kle av og -på seg sjølv. Av og til kan det lages hinderløype på uteleikeklassen. Fiskesprell på våren.</p>	<p>Gymsal så ofte ein får det til... og bruke «Minirøris» ein gong i uka. Varierte aktivitetar som stimulerer både grov og - finmotorikk. Turar i smågrupper, og turar i større grupper. Tilrettelagde aktivitetar på uteleikeklassen som til dømes sykling, klatring ballspel m.v. Sundt kosthold med grovt brød, makrell i tomat, fruktmåltid. Egne faste prosedyrar for handvask. Lære å kle av og -på seg selv. Av og til kan det lages hinderløype på uteleikeklassen. Fiskesprell på våren.</p>	<p>Lengre og meir utfordrande turar. Førskuleungane skal ha ein til toppen av Boknafjellet på slutten av året. Bruk av sparkesyklar (med hjelm) Tur til Vikingfestivalen, og utelivsaktivitetar for 6 åringane. Fiskesprell for alle ... Om sommaren går vi til fjæra og studerer livet der..</p>

PROGRESJONSPLAN FOR FAGOMRÅDET ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI.

Mål: Barnehagen skal reflektera over, og respektera det mangfoldet som er i barnegruppa. Vi er alle individer med ulik bakgrunn og ulike forutsetningar. Dei vaksne må gå foran som gode rollemodellar i forhold til etikk, religion og filosofi. Barn og vaksne skal saman jobbe med verdiane, holdningar og tradisjonar i den kristne kulturarven. Vi markerer høgtider, men feirar ikkje. Vi skal sjå til at alle barna opplever stoltheit, uansett bakgrunn og kulturell/etnisk tilhøyring.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Det er viktig at dei vaksne er gode rollemodellar, og vise barna korleis dei skal oppføre seg overfor kvarandre - toleranse og vise interesse for kvarandre. (autoritativ væremåte)</p> <p>Begynnande opplæring i bordskikk, og positiv stemning rundt bordet.</p> <p>Gje positiv respons på gode handlingar.</p> <p>Viktig med ei generell positiv stemning på avdelinga</p>	<p>Markere høgtidene jul, påske og forklare litt og snakke litt rundt tema. Autoritativ grensesetting med begynnande opplæring i kva som er rett måte å vera på og kva som ikkje er rett....</p> <p>Lære barna å bruke ord istedenfor handling.</p> <p>Begynnande oppmeksamheit rundt konsekvensar av handlingar - rettleing i forhold til riktig væremåte....</p>	<p>Respektere kvarandres grenser, og trene på å være høflege mot kvarandre. (til dømes å seie "god morgen", seie takk for maten, spørje fint om å få meire mat m.v.) Lære å vente på tur... Utvikla respekt for andre kulturar, religion og kulturell tilknytning.</p> <p>Her kjem feiring av FN - dagen inn, og Forut -kafè og gjennom kjennskap til Barnekonvensjonens innhald. "Vere sammen" programmet og Løvelova lærer barna toleranse.</p>	<p>Lære barna å vise omsorg og empati for kvarandre - dei vaksne skal vera rollemodellar. Bruke bøkene og magnetografen i "være sammen" programmet. Dei vaksne må snakke om følelsar. Kvardagssituasjonane skal også brukast til å snakka om ærlegdom, rettferd, nestekjærleik,likeverd og tilgeving. (De kristne grunnverdiane) Løva skal brukast til konfliktkøysing mellom Barna - sjå programmet. Empatiutvikling gjennom dei vaksnes forklaringsmodellar.</p> <p>Gje positiv respons på ønska adferd.</p>	<p>Barna får besøke dei gamle på sjukestova, og dagsenteret og gleda dei med song, musikk og opptredenar - gjere barna oppmerksame på andre trossamfunn - spesielt om vi har barn som tilhøyrer andre religionar.</p> <p>Delta i gudstjeneste til jul, med song og lanternetog.</p> <p>Me må undre oss i lag med barna....kva om...??</p>

PROGRESJONSPLAN FOR REALFAG.

Barn er tidlig oppteken av tal og teljing, dei utforskar rom og form, dei spør - og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leikeeksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse. Barnehagens har derfor eit ansvar for å leggje tilrette for god stimulering og sjå til at barna har tilgang til ulike typar spel, teknologi, tellemateriell, klossar leiker og formingsmaterieill. Vi skal også tilby materieill som gir erfaringer med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning. Barna skal møte former, mønster, mål, målereiskap, vekt, volum og tid. Metodar som anbefalast er: Snaakkepakken, turar, hinderløyper og liknande.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
Putte kasser med geometriske former. Klossar i ulik storleik. Sansemotoriske aktivitetar, til dømes Snø, is, kaldt og varmt m.v. Telleregler 123 - Enkle fysikkeksperiment. Blåse sepebobler. Bygging med duploklossar. Songar med bevegelser og dans. Omgrep om kroppen. Enkle rim og regler.	Gje barna kjennskap til dyr, planter og insekt. La barna plante frø... Teljing i forskjellige former. Byggeleik med forskjellige materieler. Sandkasseleik, bygge hus og lage forskjellige former i sand. Gje barna kjennskap til deg forskjellige fargane. Enkle spel og puslespel. Lyd, rytme og takt. Introdusere omgrepa høre og venstre.	Kjennskap til tal 1 til 10. Barna skal kunne fargane: Rød, gul, grøn og blå. Kunne telle 5 ting. (mengdeforståing) Kjenne til omgrepa - Over/under og liten/stor, og låg/høg. Enkle målingdar knytt til matlaging. Kjennskap til årstider, og ukedagane. Innføring av reglar for diverse spel. Enkle fysikkforsøk. Kunne namn på kjende dyr. Kjennskap til dyra på gården sine nyttefunksjonar. Kjennskap til kjeldesortering.	Kunne mange fargar (utover dei primære) Kunne telle til ti. Kjennskap til mål og vekt. Kjennskap til månedane. Kjennskap til tal 1 til 20. Kjennskap til omgrepa: Morgon, dag, ettermiddag, og kveld. Kjennskap til omgrepet klokke og tid. Kjenne igjen forma på Fyrste bokstaven i namnet sitt. Kunne omgrep på former som: firkant, trekant og sirkel. Kjennskap til mengdeomgrep som: Stor/større/størst og Liten/mindre/minst og heil og halv. Kunne noko om ulike typar vær og årstider. Kunnskap om dyr, fisk insekter, plantar og trær.	Kunne namna på dei mest kjende dyra, blomster, insekt, fuglar, fiskar og andre sjødyr. Kjennskap til naturvern. Kunne skrive namne sitt. Kunne tal og mengder opp frå 1 til 10. Kunne ukedagane, månader og årstider. Kunne omgrep som: På, over, under, ved sida av. Så og hauste. Enke geografi - kvar bur vi... Kjennskap til kart, verdensdelar og land.

PROGRESJONSPLAN FOR SPRÅK.

Vi skal bruke god tid og konkretar, og jobbe bevisst med omgrepstrening. Vi brukar "alle med" som kartleggingsverktøy for å sjå om det barna "henge etter" i språutviklinga si. Vi spør foreldra om å få bruke TRAS om vi er i tvil...Det er viktig å bruke gjentagelse som metode for å få lært barna dei riktige omgrepa og utvikle språket deira. Ordforrådet skal utvidas heile tida, og vi snakkar om det vi gjer heile tida. Språkstimulering skal skje i alle ddaglegdagse aktivitetear, og det skal lesast bøker som er tilpassa barna sin alder. Vi skal lese eventyr, fortellingar, fortelje rim og regler som stimulering for språkutviklinga til barna. Sang og sangleker og puslespill skal styrke ord og omgrepsutviklinga og gje barna evne til å stille spørsmål. Det er viktig at dei vaksne er oppmerksomme på korleis dei brukar stemmen når dei snakkar til barna - lys og vennleg.

1 til 2 år	2 til 3 år	3 til 4 år	4 til 5 år	5 til 6 år
<p>Speiling - et evnnlig ansikt. Spontan tilstedeværelse og tilbakemelding her og nå. Sette ord på alle handlingar i lag med barna - heile tida. Mimikk, ansiktsuttrykk og kropps-språk må være positivt. Dialog, turtaking og leik med språket....ordspill. Regler og sangar med konkretar og bevegelse. Utstrakt bruk av bildebøker. Korte fortellingar/eventyr med konkretar og figurar. "Bade" barna i språk heile tida.</p>	<p>Felles opplevingar, sansing og gjenkalling av omgrep. Turar med drama, leik og enkle eventyr. Være i dialog med barna heile tida. Bruk vanlege setningar - ikkje forkorte eller forenkle. Førre enkle samtalar om forskjellige emner. Forvent at barna bidrar i samtale. (ikkje monolog av vaksne) Bruk bøker med enkel tekst, og snakk om følelsar og følelsesuttrykk. Utstakt bruk av sanleikar og sangar med bevegelse til.</p>	<p>Samtale med barna om kvardagsaktivitetar, og reflektere over forskjellige ting i prosjektarbeid. (Emnearbeid) Tilrettelegg for rolleleik. Felles opplevingar: Samlingsstund, bøker, eventyr, tur. Leik ute og inne ...skal det snakkast om. Språkleiker, tulle med språket, rime med språket. Barna skal ha tuilgang på bøker av alle slag, også faktabøker om det meste.. Bokstav og -telleregler.</p>	<p>Ære barna å lytte til kvarandre i samling... Konsekvensar av eigen handling..... Planlegge, reflektere og evaluere saman med barna. Sette ord situasjonsuavhengig språk - til dømes ein telefonsamtale. Lære barna å produsere rim sjølve: til dømes, pil - bil-sil m.v. Begynne å kategorisere Overbegrep...underbegrep. Tilgang på bøker med legre tekst - lese og. Legg til rette for leikeskriving. Stimulere til interesse for bokstavar.</p>	<p>Legg tilrette for avansert rolleleik og regelleik. Ha førsulegruppe kor ein trenar på språklege ferdigheiter. Bruk av vitser og gåter. Høytlesing med avansert tekst - fotsettelsesbøker Trene barna på selvheldelse og argumentere for eigne synspunkt. Barna skal kunne grunngje eigne valg. Tekstskaping - muntlig, skriftlig, og gjenkalleing.</p>